



PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 2, 61. ÅRGANG, 2022



KONFIRMANTAR 2022

Fremste rekke frå venstre: Henrik Skjerstein, Mari Skattebo, Adrian Gram-Skogen, Jostein Sørensen, sokneprest Eli Vatn, Ola Brusveen, Live Skrebergene Hamre, Sivert Skjerstein, klokkar Anne Britt S. Hansen-Sørnum, Steffen Onstad-Nyhagen, Magnus Stavenjord Myrvang, Linus Gjevre-Myrvold, Erikas Scelys

Bakerste rekke frå venstre: Knut Inge Fossberg-Ringstad, Emma Kristine Lasskogen Hambro, Torstein Røyne, Margit Onstad, Alexander Thune, Ingrid Stalaget, Even Nybråten Damstuen, Ane Melby, Jonatan Sverre Svenson.

Eva Hoffmann, Tilje Marika Hegge og Emil Melbybråten var ikkje tilstades då bildet vart teken.

PÅ KYRKJEVEG

Kyrkjeblad for Øystre Slidre
Utgjevar: Sokneråda i Øystre Slidre.
Bladet kjem med 4 nummer i året.

Redaksjon: Eli Vatn, Martha Viken, Ingrid Meyrick,
Gunvor Hegge og Oddveig Holdal Weeg.

Konto nr.: 2135 25 01678 / VIPPS: 105751

Lay-out: designsaskia.no

Trykk: Bekkevolds Lyskopi ANS

I **dette nummeret** er det spesielt fokus på Hegge sokn. I neste nummer vil vi fokusere på Volbu sokn. Kom gjerne med idéar til stoff.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer:
Tirsdag 30. august 2022

Framsida: Konfirmantar 2022

Foto: Christine Stokkbryn



DEN NORSKE KYRKJA

ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrjekontoret, Tingvang, Bygdinvegen 1989,
2940 Heggenes

E-POST: post.oystreslidre@kyrkja.no

KONTORTID: Alle dagar 10 - 14

DAGLEG LEIAR: Ove Ekerbakke	61 35 25 76
SOKNEPREST/FJELLPREST: Eli Vatn	991 29 976
PRESTVIKAR: Ellen Oddveig Rudi	948 65 195
PROST: Carl Philip Weisser	915 55 504
SEKRETÆR: Oddveig Holdal Weeg	61 35 25 78
KYRKJEGARDSARBEIDAR: Jon Gunnar Solhaug	61 35 25 80
KYRKJEMUSIKAR: Magne Olav Selland	934 19 294
TRUSOPPLÆRAR: Marianne Straum	901 21 647

SOKNA VÅRE

HEGGE KYRKJE Vipps: 515422

Klokkar: Ola Magnus Vatn Weisser
Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug
Reinhaldar: Synnøve Rødningen
Soknerådsleiar: Arnstein Alund

VOLBU KYRKJE Vipps: 590221

Klokkar: Hildur Vingdal
Kyrkjetenar: Svein Hegge
Reinhaldar: Svein Hegge
Soknerådsleiar: Øystein Skattebu

LIDAR KYRKJE Vipps: 135151

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjetenar: Harald Melby
Reinhaldar: Harald Melby
Soknerådsleiar: Sissel Dahle Lie

ROGNE KYRKJE Vipps: 587467

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum
Kyrkjetenar: Svein Erik Rogne
Reinhaldar: Svein Erik Rogne
Soknerådsleiar: Eli Døvresdegård Skattebu



SOKNEPRESTEN HAR ORDET

Kyrkja i Frivilligåret

Då eg kom som prestefrue til Vang for snart 30 år sidan, var eg heimeverande med fem ungar. Då dei etter nokre år alle var i barnehage og skule, byrja eg å studere att. Å ikkje vera i arbeid ute var ei sosial utfordring sidan det er ein av dei arenaene ein møter folk og får vener. Men heldigvis hadde Vang eit stort tilfang av kor. Eg likar å synge og ikkje minst lage til kabarear og slikt. Utan det frivillige engasjementet mitt i koret hadde eg slite meir med å kjenne meg heime i Vang.

Å vera prestefrue ga også rikeleg høve til å utøve ei rolle som ikkje var lønna, men som kunne vera både sosial og menneskeleg givande som vertinne og elles i mange andre kyrkjelege samanhengar. Nokre av dei beste fellesskapsopplevingar meiner eg er å bera stolar og gjere i stand til eit arrangement.

I kyrkja sitt arbeid kunne vi bruke mange fleire frivillige enn vi gjer i dag, og som organisasjon treng vi at folk har det eige forholdet til kyrkja som frivillige engasjement gjev. Vi treng mykje praktisk hjelp til det vi driv med.

Diakoniamlingane og salmekveldane treng hjelp til baking og rydding, arbeidet med ungane treng folk som kan bidra med matlaging og vera trygge vaksne rundt ungane, flyktningar kan trenge skys og venskap, dåpsdukar treng å bli sydde. Har du ei hjelpande hand, så treng vi henne. Meld deg gjerne til meg på tlf. 99129976. Det er ikkje alltid vi veit kven vi kan spørje.

- Eli

Mykje god innsats, og kaffien freistar etter dugnad på kyrkjegarden i Rogne.



Kirkegården – hagen for trøst og håp

AV: CARL PHILIP WEISSER

FOTO: FRÅ HEIMESIDA TIL KYRKJA I NORD-AURDAL

Påskedagens gudstjeneste nærmer seg slutten. Påskesalmene er sunget, fortellingen om den tomme grav og gleden som langsomt vender tilbake til Jesu venner har vi hørt. Solens stråler har skint inn gjennom vinduene i kirken. Vakre melodier og storslagne toner har organisten lokket fram fra orgelet. Glade foreldre har båret sitt barn til dåp. Så kommer avslutningen av gudstjenesten som er helt spesiell på påskedagen; – prest, klokker, dåpsfølge og resten av menigheten følger prosesjonskorset ut av kirken under postludiet. Vi samles utenfor på kirkegården. Sola skinner, gresset er fortsatt gult, og på skyggefulle plasser ligger snøen. Vel ute står vi i en stor ring og stemmer opp; «Påskemorgen slukker sorgen, til evig tid». Og så tar vi med fjerde verset:

Bøtt er brøden, død er døden, død er døden som syndens sold!

Nå ligger graven midt i gudshaven, midt i gudshaven i Jesu vold.

Bøtt er brøden, død er døden, død er døden som syndens sold.

Fortellingen om Maria Magdalena som sto og gråt ved Jesu grav har blitt med ut av kirken. Hun som med tårer i øynene vender seg til det hun tror er gartneren og spør: «Hvor har du lagt den døde Jesus?» Da hører hun navnet sitt: «Maria!» Hun løfter hodet og sier «Mester!» Møtet med Jesus forteller hun om med stor glede til disipler og alle Jesu venner: «Han har stått opp – jeg har

møtt ham!»

Når vi synger «Påskemorgen», blir ikke fortellingen bare noe som skjedde for veldig lenge siden – den gir lys inn i våre liv som lever nå. Kirkegården er oppstandelsens og håpets hage.

Vakre og velstelte kirkegårder som vi har i Øystre Slidre, forteller om de mange levde liv når vi leser på gravstøttene. Noen vi har kjent godt som sto oss nær, noen som vi kanskje bare så vidt har møtt en gang, og mange som vi ikke har kjent. Her kan vi gå og se, og minnes, og tenke over liv og død.

Gode medarbeidere sørger for at kirkegårdene blir vel ivaretatt. De har omtanke for helheten og sørger for at de framstår med verdighet og respekt for liv som er levdt.

Og så får kirkegårdene også være med å fortelle ordløst om kjærligheten fra Gud, den som er sterkere enn det dypeste mørke, den som skinner som påskedagens sol med lys og varme inn i våre liv. Det er håp, det er trøst, det er en kjærlighet som seirer over døden.

«Så blir de stående disse tre: tro håp og kjærlighet og størst blant dem er kjærligheten».

(1.kor 13,13)

Jeg ønsker alle lesere en riktig god sommer! Ta gjerne tid til en liten kirkegårdsvandring i ny og ne!



Verdivandring med Liv Heitun Eriksen

TEKST OG FOTO: ELI VATN

Verdien av stillhet

«Takk Gud, for at vi kan samles i din nærhet, uten ord og uten krav. Du vet at det er så mye som får tanken til å fly av sted. Vi ber deg Gud om hjelp til å bli stille, til å høre etter hva du vil si hver og en av oss. Amen.»

Ein måndag i månaden er vi nokre som samlast til «Pusterom» i Volbu kyrkje. Om du kjem innom kan du sjølsagt lure på kva det er som skjer. Det er stille, det er tende lys på altaret og i lysgloben, Liv innleier med nokre vakre ord om stillheit saman med bøna som står i innleiinga. Så sit vi stille saman i 20 minutt før Ingrid les nokre ord til slutt. Eg har bede med meg Liv for å få litt meir greie på kva som kan skje i denne stillheita.

Vi møtest ved Sebu og går austsida av Vindeåne oppover mot Robølsbygda. Vi er enno på ein viss avstand til elva, og det er relativt stille. Liv fortel at ho har siste arbeidsdag på overtid som behandlar på DPS i Aurdal, men ho har ei intensjonsavtale om å fortsette ein dag i veka til hausten att; med kurs i mindfulness som ein del av engasjementet. Eg ber henne fortelje kva mindfulness er godt for- eller «oppmerksomt nærvær», som Liv kallar det:

- Oppmerksomt nærvær er det å være bevisst til stede og oppmerksomme på det vi erfarer i øyeblikket med en vennlig, åpen holdning. Evnen til dette er noe alle har, og som kan styrkes ved øvelse. Oppmerksomhetstrening kan redusere stress og bedre livskvaliteten og fremme empati med andre og seg selv. Våre problemer handler ofte om vår mangel på oppmerksomhet. Med øket oppmerksomhet blir kvaliteten på det vi ser og opplever bedre. Vi søker å



komme frem til et fredfullt «nå», der vi ikke plages av unyttige, støvende tanker som tapper oss for energi og gjør at vi går glipp av øyeblikket. Et meningsfullt liv skapes i stor grad gjennom oppmerksom tilstedeværelse i hverdagens små begivenheter. Når en øver oppmerksomt nærvær, øver en på å velge fokus. Vi øver gjennom det vi kaller uformelle øvelser der vi tar i bruk alle sansene våre og gjør dagligdagse ting med full oppmerksomhet, eller gjennom formelle øvelser som meditasjon, kroppsskann og yoga. Pusten er det viktigste verktøyet. Pusten er alltid tilgjengelig for deg og kan være til hjelp til å stoppe opp og fokusere når du trenger det.

Du observerer og lar ting være som de er. Det er ikke noe mål å kvitte seg med det du erfarer, f.eks. vanskelige og vonde tanker og følelser, men heller å utvikle evnen til å erkjenne at ting er som de er i øyeblikket, for å kunne takle dem på en mest mulig konstruktiv måte. Dette trenes ved å fokusere på pusten, registrere hvor tankene går, og velge å fortsette å fokusere på pusten uten å forfølge tankene. På svensk sies det på en fin måte: «Du behöver inte stilla dina kjenslor, du behöver at stilla betrakta dom».

Vi reagerer som oftest helt automatisk på tankene og følelsene våre uten å vurdere om det er hensiktsmessig eller ei. Gjennom å øve på å være tilstede her og nå utvikles evnen til å få et mer balansert bilde av det som skjer i øyeblikket, i deg selv og utenfor deg, slik at du kan ta valg før du reagerer.

- Ja, det er jo ikkje alltid at den måten vi lærte oss å handle på for å takle livet som barn er den mest hensiktsmessige når vi er blitt voksne, myndige og har eit anna handlingsrom, skyt eg inn. Og eg må berre spørje:- Vi er ofte redd for stillheita. Å springe rundt og halde på med masse forskjellig kan vera ein måte å unngå å kjenne på det som er vanskeleg. Er det reelle farar ved å setje seg ned slik og la ting vi ikkje har lyst til å kjenne på komme?

- Kanskje det er verre å ikke la det komme. Når vi dytter vekk negative følelser, dytter vi også vekk de positive. På den måten blir vi mer begrenset, vi får ikke utfolde oss som hele mennesker. Det og er lurt å skjønne at en tanke eller en følelse er sann bare i en forstand: Det er sant at du tenker den tanken eller kjenner den følelsen, men om det du føler eller tenker er sant, er en tolking. Nå kunne jeg for eksempel gå og tenke at Eli synes jeg seier mye dumt, og jeg kunne kjenne meg dum. Det ville være sant at jeg tenkte slik og kjente slik; men om du synes jeg sier noe dumt eller er dum, er min tolking. For å kunne si at det er sant måtte jeg sjekke ut, se om det er noen tegn som tyder på det, om det er sannsynlig.

- Eit svært godt eksempel, tenkjer eg. Slik er det fort gjort å tenke og føle og å ta for god fisk utan å sjekke ut noko meir. Ein kan og koma til å gjere lite lure val på grunnlag av slike forhasta tolkingar. Ein kunne slutte å snakke, og det blei i alle fall tynt med verdivandring av det.



Eg ber Liv setje seg ned ved elva for eit foto; elva er ikkje akkurat stille, men Liv fortel at ein av teknikkane ho lærer bort er å tenke seg at ein sit ved ei elv. Når tankar kjem, kan ein tenke seg at ein legg dei på eit lauvblad som flyt forbi, lar dei fare med elva og så gå tilbake til pusten. Dette kan eg sjølv bekrefte er fint å gjera. Vanskelege ting og kjensler vert ikkje så vanskelege når ein fortsatt sit like trygt og godt og den vonde tanken fer av garde som på eit blad i elva. Nokre av oss sit i stillheit i Volbu kyrkje ein måndag i månaden, andre sit kanskje berre kvar for seg og lar tankane fare. - Kva har dette med Gud å gjere? spør eg.

- For det første; det er fint å sitte stille sammen slik; det er en fin måte å være sammen på, et godt fellesskap.

- Ja, det kan eg seie meg samd i, her gjeld ikkje meiningar eller standpunkt, vi berre «ER» saman.

- En kan også ved å være stille la Gud komme til orde på en eller annan måte. Kan hende at en får et nytt perspektiv på ting, en ny erkjennelse.

Det kan også skje noe en ikke kjenner eller tenker der og da; men så i en eller annen situasjon oppdager en plutselig at noe nytt har skjedd, en takler ting på en bedre og annen måte enn en gjorde før.

- Ja, det kan jo skje ei helbreding eller ei heling, og i mitt univers er all heling Guds verk. Eg tenkjer også at rett og slett gjennom kvile verkar Gud, han restituerer oss, det nedlagte systemet for å koma seg att får verke som det skal.

- Å sitte slik er også å være i «væremodus» og ikke i «gjøre-modus».

- Ja, der er du inne på noko, tenkjer eg; det er vel det som kallast NÅDE; at vi er tekne imot, elska, akseptert som den vi ER og ikkje for det vi gjera. Å berre VERA er vanskeleg i ei verd der å GJERA gjeld. Det er rett og slett vanskeleg å skjønne kva det er å vera akseptert som den du ER – især dersom du ikkje KJENNER kven du er; dersom du heile tida skubbar vekk kva du kjenner.

I kropp og sjel kjende eg at dette var ein fin tur. Takk.

MIN SALME



«Med Jesus vil eg fara»

Salmer setter følelser i sving... Jeg har lyst til å fortelle om den salmen som berører meg mest. Første verset lærte jeg på folkeskolen, da med en melodi av H.O.C. Zink. Så ble den borte for meg blant gospel og korsang.

Her i kyrkjene i Øystre Slidre, og kanskje oftest på «Den gylne time», har jeg funnet den igjen, og nå hele salma, med en nydelig norsk folketone fra Sunnmøre.

Elias Blix har beskrivende vers om Jesus som stjerne, sol, lilje og vintre, og videre mi livsvandring og ønske om å være nær og del av bildet. Vakkert!

Når jeg synger siste vers, kjennes alltid en tåre i øyekroken. «Lat meg i deg få leva, og deg få anda ut»

Anne Nora Alund

1 Med Jesus vil eg fara
På livsens ferd i lag.
Gud lat den samferd vara
Inntil min døyand dag!
Det er mi høgste æra,
Det er mi største ros
Hans fylgjesvein at vera
Og vandra i hans ljøs.

2 Min Jesu, sannings stjerna!
Lys upp min myrke veg!
Mitt hjarta vil so gjerna
Faa fylgja etter deg.
Du lyser enn i verdi
Som fyrr fraa Betlehem.
Ver du mitt ljøs på ferdi,
Til heim med deg eg kjem!

5 Du til di grein meg sette
Alt i min fyrste vaar,
Med livsens dogg meg vætte,
Gav sol og signat aar.
Du vil og vokster giva
Alt til min sidste slut:
Lat meg i deg få liva,
I deg faa anda ut!

FULL FART OG GLEDE; FOR SMÅ OG STORE!



Full fart under bibelaking i Lidar.



Glade mottakarar av bibler i Lidar.



Høgtideleg overlevering av sjefen sjøl, rektor og soknerådsleiar Sissel Dahle Lie.



Pølser må til før bibelkunnskapar blir testa i Volbu.

Så utruleg moro no når samfunnet har opna opp Satt, og vi har kunne treffe så mange flotte, ivrige unge menneske gjennom barnehagebesøk, tårnagentar og utdeling av biblar, og Konfirmantane har og som eit mogleg prosjekt å vera med og hjelpe til på nokre av desse arrangementa. Det var særst vellykka, så stødige og flinke konfirmantar som vi har.

I Lidar stilte åtte 5. klassingar opp, og i Volbu 14 for å få biblar og pølse, samt opplegg for læring og leik.

Dei seks Tårnagentane i Lidar var ein flott gjeng, men dessverre måtte vi avlyse Tårnagentar i Rogne grunna for liten oppslutning.

Vi skal heller ikkje gløyme besøk av Beito og Rogne barnehage til påskevandring like før påske.



Flotte tårnagentar og gode vaksne.



Marianne tek imot tårnagentar i Lidar.



“Dine hender er fulle av blomar” vart sunge då barnehagane i Beito vart tekne imot av disiplane Jon Gunnar og Harald.



Konsentrett bygging av Babels tårn ved Volbu kyrkje.



Nattverd med ungane frå Rogne barnehage.

«Her er kirka mi, mamma! Kor er kirka di?»

Sitatet er henta frå boka «Kirkeskipet – gudstjeneste på de de minste barnas premisser». Gjennom Kirkeskipet blir vi inviterte til å vere med i eit imaginært og symbolsk kyrkjeskip. Her er det fisketur, song, måltid og leik. Gudstjenesta inneheld og prosesjon, lystenning, korsteikning i hendene og to økter med «frileik». Opplegget er utarbeida av Lademoen menighet og blir repetert fleire gonger over ei periode.

Sist i april tok Eli, Magne Olav og underteikna turen til Trondheim for å sjå kva som skjer når dei minste får utforske kyrkjerommet – mykje av tida heilt på eige hand, utan innblanding frå dei vaksne. Entusiasmen til staben der med prestar, kyrkjemusikar og frivillige smitta fort over på oss, og vi vart ikkje mindre overtydde om at dette er noko vi har lyst til å starte opp med i Øystre Slidre!

Eit titals born entra kyrkja på svært ulike vis. Ei av jentene tok fort leiinga og sprang føre prosesjonen inn, medan andre trengde ei stund på fanget før dei byrja å rusle rundt. Til å begynne med var det mest moro å springe rundt i det store rommet, men etter kvart oppdaga borna døypefonten med vatn, preikestolen og det vesle bordet med dukar og avklypte roser som stod framføre alteret.



Bordet med roser ved alteret. Foto: Marianne Straum.



Kasper ved døypefonten. Foto: Øyvind Nordahl Næss / Lademarken menighet.

Etter leiken i «skipet» med utdeling av imaginær mat og drikke, finn ei jente ut at rosene kan demonterast og delast ut – litt som vi akkurat har gjort med maten. Bak alteret kan vi svakt høyre strofer frå «Herre, din jord bærer mat nok for alle». Og vatnet i døypefonten innbyr jo til spruting! No er dette heilt greitt – vi vaksne skal ikkje gripe inn anna enn «ved fare for skade». Det var ei utfordring å ikkje få lov til å forklare, peike og vise barnet kyrkjerommet, men det bidrog og til at vi fekk andre opplevingar av stunda enn om vi skulle vore «regissørar». Og mobilbruk og småpratting er sjølvsaugt heilt forbode – frigjerande, både for oss og ungane!

- Marianne

Trygg i tru og tenestevillig for kyrkje og misjon

TEKST OG FOTO: GUNVOR HEGGE

I år er det 60 år sidan På kyrkjeveg kom ut for fyrste gong. 60 år er lang tid, og mange av dei som var med i dette arbeidet frå starten er no borte. Soknepresten, Eiel Holten, var største pådrivaren for å få til eit skriv som skulle knyte sokna saman. Dei fyrste åra var det sokneråda som hadde ansvaret for utgjevinga med soknepresten som redaktør, og det vart utnemnt ein kasserar. Margit Skattebo hadde denne jobben i 15 år, fram til Solveig Halvorsrud overtok i 1977.



i grannelaget og vart rekna med i det sosiale livet frå fyrste stund». Og Solveig kom fort med i misjonsforeininga. Her var det møte annakvar veke, og det var veldig hyggeleg, minnest Solveig. Kvinnene på den tida hadde stort sett ikkje lønna arbeid utanfor heimen, så dei kunne møtast klokka halv elleve på formiddagen. Då var det ofte at soknepresten var med frå starten av møtet og held ei lita andakt. Så var det kaffi og formiddagsmat, hyggeleg samvær og ein liten utlodning til slutt, som var heilt frivillig å vera med på. Pengane gjekk til Det norske misjonsselskap.

Misjonsforeininga var ein god dørpropar for å koma inn i bygdemiljøet. Møta gjekk på omgang hjå medlemmane, og slik vart ein godt kjent i bygda.

Etter kvart vart Solveig også vald inn i soknerådet ved Hegge kyrkje og var der i to periodar. Ho minnest dette som ei fin tid. Soknerådsmedlemmane vart gode vener og samarbeidde godt.

«Eg har hatt eit godt liv», konkluderer Solveig. Det er godt å møte slike menneske som Solveig. Trygg i tru og tenestevillig for kyrkje og misjon. Takk for samtalen, og takk for alt du har gjort for Hegge sokn gjennom 60 år!

Overskrifta her kunne passe på mange av dei som har arbeidd med kyrkjebladet i alle desse åra, men ved dette høvet har vi valt å ta ein prat med Solveig, som i dag er 93 år. Ho tek med glede i mot På Kyrkjeveg til ei samtale om eit rikt liv i teneste for kyrkje og misjon.

Solveig er fødd og oppvaksen i Tisleidalen, og hadde ein trygg og god barndom der. Det var ikkje kyrkje i Tisleidalen på den tid, men etter eit initiativ i 1929 og ein lang prosess for å skaffe tomt og gravplass, kom det i kongeleg resolusjon klarsignal, og det vart sett i gang arbeid for å skaffe

midlar til å få bygd kyrkja. Solveig var aktivt med i ei kvinneforeining som dreiv med utlodning, og det var årvisse sommarstemne der også mange av hyttefolka bidrog. Og i 1958 kunne bygget vigslast, rett nok som kapell under Aurdal.

Så treffe Solveig Hans Halvorsrud frå Aurskog i Østfold, og fyrst på 60-talet flytte dei til Heggnes. Hans hadde fått stilling som dyrlege i kommunen. «Dette har vore ei god bygd å bu i», seier Solveig. «Me vart svært godt mottekne



DIAKONITREFF FOR ROGNE OG VOLBU

No er vi endeleg i gang att med diakonitreff i Rogne kyrkjestogo etter pandemien. I mai hadde vi eit hyggeleg treff, og deltakarane var so glade for at vi igjen kunne samlast. Onsdagar blir no brukte til gravferd, difor flyttar vi diakonitreffa til siste måndagen i månaden kl 12 – 14 00. Då håpar vi det ikkje kolliderer med andre aktivitetstilbod. Følg med på annonsering i Valdres.

Volbu og Rogne sokneråd har nesten berre yrkesaktive folk, og vi treng derfor hjelp for at vi skal kunne arrangere diakonitreffa. Oppgåvene er å bake kake, smørja smørbrød, dekke bord og rydde opp igjen. Har du lyst til å bidra, så ta kontakt med Øystein Skattebu tlf 412 22 840 eller Eli Døvresødegård Skattebu tlf 408 72 211



Konfirmantane frå alle sokna i samtalegudsteneste

TEKST OG FOTO: MARTHA VIKEN

Rogne kyrkje var mest fullsett av foreldre og besteforeldre, og ikkje minst ein spent konfirmantflokk då Eli Vatn ynskte velkommen til ei heilt spesiell oppleving. Ho orienterte litt om kva me skulle få oppleva. Temaet for heile kvelden var Kristnetepet, slik det har vore i bruk her i Øystre Slidre gjennom heile livet ved høgtider og merkjedagar. I programmet står det: «Kristnetepet er eit bilde på menneskelivet slik me er skapt og rørt av Guds gode hender. På same måte er me, som kristnetepet i bruk; Gud sine forlenga armar.»

FØDSEL – GODE HENDERS VERK

Etter «Lat oss vera stille for Gud» og tre klokkeslag er det langeleikspel, og to av konfirmantane syng: «Sjå ho vev», tekst og tone av Ørnulf Juvkam Dyve. Mønsteret i veven er spennande, mange trådar blir slege inn. Det er både litt skummelt, og ikkje minst glede for foreldra medan dei ventar på barnet. Det er godt å leggje alt i Guds hender. Skyttelen går vidare i takt med munnharpa, spela av Magne Olav.

BARNEDÅP – GODE HENDERS OMSORG

Barnet er kome, og reiva i kristnetepet vert det bore til dåpen medan kyrkjelyden syng: «Med Jesus vil eg fara på livsens ferd i lag». Med Vår Far på vegen les me vidare saman: Vår Far i himmelen.....! Veven held fram, barnet utviklar seg i leik, arbeid og skule, det blir tenåring, og her høver det med salmen «Den prektigklede sommarfugl er fløyet frå Guds hånd.»

KONFIRMASJON- GODE HENDERS RETTLEIING

Her er alle konfirmantane med. Dei viser at dei mellom anna kan alle dei ti boda, og ein konfirmant kneler på kristnetepet ved altarringen, og presten legg handa på hovudet og velsignar ho. Konfirmasjonen blir avslutta med Truvedkjenninga.

No byrjar vaksenlivet, ei spennande reise på veven, her er grønt for vekst og liv og ikkje minst raudt for kjærleik.

BRYLLAUP- GODE HENDERS BÆREEVNE

Her får me høyre langeleik med song att av to jenter. Dei syng «Det doble kjærleiksbodet», og me får fylgje eit brudepar som blir vigsla og velsigna medan dei kneler på kristnetepet ved altaret.

Kyrkjelyden syng: «Guds godhet sang i sinnet».

HØGTID I HEIMEN- GODE HENDERS VERN

Alle i min generasjon er vel kjende med bruken av kristnetepet i jula. Då skulle det opp i høgsetet med klede av lin m/heklingar eller firflettingar. Vidare får me høyre og sjå heile juleevangeliet, lese og vist av konfirmantane.

GRAVFERD- RENNINGA RENN VIDARE

Veven går mot slutten, livet mognast som «Tyttebæret oppå tuva». Noko av veven har svarte innslag som viser at livet byr på både sorg og sakn, men livet går vidare – «slekt skal følge slekters gang». Renninga i veven går- ut i æva- heilt til GUD! Alle syng: «Deg være ære Herre over dødens makt! Evig skal døden være Kristus underlagt». Kristnetepet vart ofte lagt over eller under kista i gravferder.

Alle konfirmantane stiller til slutt opp og syng saman med langeleik «Gå i glede» til stor applaus frå ein imponert kyrkjelyd! Takk til alle som tok del i denne flotte opplevinga! Spesiell takk til konfirmantane som framførde alle desse store hendingane i livet med innleving og respekt, og til Eli Vatn som batt det heile så fint saman!

Gå i glede!

Måtte Gud fullføre sine henders verk.
Måtte hans kjærleik bre seg framfor deg.
Måtte hans omsorg verne deg.
Og måtte hans kraft bære deg.

kulturminne i Øystre Slidre



Vi har gleda av at kultursjef i kommunen, Kari Onstad, vil dele viktige kulturminne med lesarane! Øystre Slidre kommune har no ferdigstilt si fyrste kulturminneplan. Det er eit stort mangfald av kulturminne og kulturmiljø i kommunen, som neste generasjonar skal ha glede og nytte av. Kulturminneplanen skal vere eit nyttig verktøy i å forvalte og formidle kunnskap om kulturminna våre.

VINSTRE

Vinstre er i dag eit godt fiskevatn. Fisket har truleg også vore viktig i eldre tider. All fisk i vatnet er sannsynlegvis sett ut, då det ikkje er noko naturleg innvandringsveg. Funn av garnsøkke indikerer garnfiske i mellomalderen. Spor etter naust, båtøpplag, båtstøer og ein særigen båtøpplagringsplass med båtforma steinsetjingar på Gravolsøddin, gir innblikk i ein hovudsakleg nord/sør-gående båttrafikk over vatnet, knytt til både fiske og stølsdrift.

Det har vore stølsdrift ved Vinstre sidan 1700-talet. Bygdeboka for Øystre Slidre fortel om den stridbare enkja Gro Engebretsdotter Beito (1720-1792). Det blir sagt at Gro var den fyrste som bygde seg støl på Sanddalen ved Vinstre kring 1760. Ho tykte det var blitt for fullt og trengt på Beitostølen og drog lenger inn i fjellet for å finne gode beite. Gro valte å byggje stølen oppe ved Sanddalsbekken, og ho fekk laga ei kinne som vart drive med vasskraft. Dette var av dei fyrste tekniske hjelpemidla som letta kvinnearbeidet. Gro fekk også laga seg ein båt med tre par årer.

I 2014 blei det funne ei jegergrav frå omtrent 500 e.Kr. I 2016 blei det gjort funn som kan stamma frå vikingtida. Då blei det funne ei spenne i ei kvinnegrav til det som truleg har vore ei budeie under vikingtida. Det er i hovudsak gjort funn rundt det som i dag er Mørstadstølane.



Kinna til Gro, som vart driven med vasskraft, finst på garden den dag i dag.



Det er funne fleire pilspissar i Vinstre-området. kulturminnesok.no syner eit funn på Vingstule.



Tingvang treng nytt piano!

Musikklivet blomstrar, og vi treng eit piano med reine tonar.

Korps og kor og andre aktørar lagar ein flott støttekonsert 25. september.

Det vil bli høve til å kjøpe sin eigen tone. Ikkje dumt å ha ein god tone! Følg med!

rØYST og Are ser ikkje heilt fornøygde ut.



Orgelet i Hegge kyrkje

TEKST OG FOTO: MAGNE OLAV SELLAND



Fasade orgelet i Hegge kyrkje.

Hegge kyrkje fekk orgel fyrste gong i 1912. Dette var eit Olsen- og Jørgensen-orgel på 6 stemmer. Rogne kyrkje fekk på same tid eit heilt likt orgel, som er det orgelet som står der den dag i dag.

På 1970-talet vart det stadig meir klart at det hadde oppstått tekniske problem med orgelet, mellom anna på grunn av overgangen frå ved til elektrisk fyring. Det vart på byrjinga av 80-talet gjort tilstandsvurdering av orgelet, og det starta ein prosess som enda med at ein bestemte seg for å byggje eit heilt nytt orgel. Eit av vilkåra frå Riksantikvaren i denne samanheng var at det gamle orgelet, på grunn av si kulturhistoriske og

orgelhistoriske interesse, skulle takast vare på og lagrast på ein trygg stad.

Orgelet som står i kyrkja i dag vart bygd i 1984 av Norsk orgel- og harmoniumfabrikk, altså eit «Snertingdalorgel», sameleis som dei me har i Lidar og Volbu kyrkje. Orgelet beholdt fasaden frå 1912-orgelet, med akantus- og bladmotiv, ei rekke med stumme piper og innskrifta «anno 1912».

Orgelet fekk 14 stemmer. I 1. manual: Principal 8', Rørfløyte 8', Oktav 4', Oktav 2'. Mixtur 4 fag. 2. manual: Cymbel 2 fag, Sesqualtera 2 fag, Waldfløyte 2, Koppelfløyte 4', Principal 4', Gedakt 8', Tremolo. Pedal: Subbas 16', Gedaktbass 8', Koraltbass 4'.



KYRKJELEGE HANDLINGAR MARS - JUNI 2022

DÅP

ROGNE KYRKJE
Snorre Hines Brendlien
Abel Fjeld
Morten Kristian Yttergård

VOLBU KYRKJE
Aurora Viste Ekerbakke

LYSKAPELLET
Gabriella Maria Whyte Hagen
Anniken Iselin Whyte Hagen

GRAVFERD

ROGNE KYRKJE
Turid Skogen
Per Einar Gullaksen
Borghild Kolstad
Tommy Dahl Eikren
Torgeir Bjelbøle

VOLBU KYRKJE
Knut Erik Onstad

HEGGE STAVKYRKJE
Målfrid Wårum
Aage Magnus Kjonerud

LIDAR SOKN
Kjetil Ingvar Stølen

LIDAR KYRKJE
Frøydis Berg
Torleif Sigmund Nilsen
Henning Knutsen

VIGSEL

LIDAR KYRKJE
Noa Kjølraug og Anders Wenaas
Silje Hoel og Thomas Bang Johansen
Monica Ruud og Owe Lüthcke

LYSKAPELLET
Marie Beathe Johansen og Per Arne
Kenneth Johansson
Eva Dahl og Per Fiskerud
Helene og Fredrik Bjørnstad
Haakonsen

VELKOMEN TIL KYRKJE!

Juli

03 07 2022 Lyskapellet kl. 11.00
Gudsteneste ved prestevikar Ellen
Oddveig Rudi Takkoffer Kyrkjebladet

03 07 2022 Øystre Slidre Helsetun kl.
16.30 Gudsteneste ved prestevikar
Ellen Oddveig Rudi

10 07 2022 Rogne sokn kl. 12.00
Stølsmesse med dåp på Etnlie hjå
Merete Moe ved sokneprest Eli Vatn.
Kyrkjekaffi. Stølsvegen ÅS - ETLNIE frå
bom ca. 19 km

24 07 2022 Hegge sokn kl. 12.00
Stølsmesse på Skreostølen hjå Anne-
Kari Gjerdalen og Ole Kristian Oldre
ved sokneprest Eli Vatn. Kyrkjekaffi.
Kl.10.00 Vandring frå stølen.
Stølsvegen ROBØLE- SKAGET frå bom
ca. 6,5 km

31 07 2022 Volbu kyrkje kl. 11.00
Høgmesse og dåp ved sokneprest
Eli Vatn. Takkoffer Frelsesarmeen
Fagernes

August

07 08 2022 Volbu sokn kl. 12.00
Stølsmesse med dåp Sørre Trøllåsen
hjå Hildur og Oddvar Vingdal
ved prestevikar Ellen Oddveig Rudi.
Kyrkjekaffi.
Stølsvegen MOANE- FULLSEND frå
bom ca. 15 km

14 08 2022 Lidar sokn kl. 12.00
Stølsmesse med dåp Hødnstølen hjå
Arne Lykken ved prestevikar Ellen
Oddveig Rudi. Kyrkjekaffi.
Smørkollvegen- frå RV 51 ca. 2 km

21 08 2022 Lidar kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste ved Ellen Oddveig Rudi.
«Heilt fyrsteklasses gudsteneste» 6
årsbok til 6 åringane Lidar skule

21 08 2022 Rogne kyrkje kl. 13.00
Gudsteneste med dåp ved Ellen
Oddveig Rudi. «Heilt fyrsteklasses
gudsteneste» 6 årsbok til 6 åringane
Rogne skule.
Takkoffer Ukrainske flykningebarn
Røde Kors lokalt

September

04 09 2022 Volbu kyrkje kl. 10.00
Utsendingsgudsteneste med dåp ved
sokneprest Eli Vatn.
Pilegrimsvandring med konfirmantane
til Hegge stavkyrkje kl. 17.00
Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn.
Takkoffer Kyrkjemusikalsk arbeid i
soknet

11 09 2022 Rogne kyrkje kl. 11.00
Folkemusikk gudsteneste og
gullkonfirmanttreff ved sokneprest
Eli Vatn. Takkoffer Diakonaltarbeid i
kyrkjelyden

18 09 2022 Hegge stavkyrkje kl. 11.00
Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn.
Takkoffer Misjonsprosjektet mor og
barn i Etiopia.

25 09 2022 Volbu kyrkje kl. 11.00
Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

Den gylne time

Kvar torsdag kl. 17.30 i Lyskapellet.

Diakonitreff

Siste måndagen i månaden kl. 12-14
*Kan du bidra med å bake kake, smørja
smørbrød, dekke bord og rydde opp
igjen, ta kontakt med Øystein Skattebu
tlf 412 22 840 eller Eli Døvresødegård
Skattebu tlf 408 72 211.*

Salmekveld

29. august og 26. september i Rogne
kyrkjestogo kl.19.00

Babysong

30. august og 27. september i Rogne
kyrkjestogo kl. 11-13.

Babyar mellom null og eitt år er
hjarateleg velkomne saman med foreldra
til ei koseleg stund med song, musikk og
lett servering.

Heilt *Fyrste- klasses.* – utdeling av 6 årsbok!

Blir du 6 år i år? Då får du ei eiga innbyding til gudstenesta den 21. august.
Lidar kyrkje kl. 11.00 for dei på Lidar skule og Rogne kyrkje kl. 13.00 for dei
på Rogne skule. Her vil du få utdelt 6 årsbok, ei bok om Bo og Nora, med både
teikneseriar og bibelforteljingar. Me feirar din skulestart med ei heilt fyrste-
klasses gudsteneste. Velkomen til deg! Foreldre, besteforeldre og andre du vil
ha med er sjølv sagt også velkomne!

Gullkonfirmantmarkeringa

blir den 11. september i Rogne kyrkje kl. 11.00. Etter messa er det middag og
festeleg samvær i Rogne kyrkjestogo. Alle som vart konfirmerte i Rogne kyrkje
18. juni 1972 får eiga innbyding med påmelding.

Til deg som går i 9. klasse – har du tenkt på konfirmasjon?

Innskriving i Rogne kyrkje 30. august 2022 kl. 19.00. Alle er velkomne som
konfirmantar, dei som ikkje er døypt må døypast før sjølv konfirmasjonen.
Konfirmasjonsdatoar våren 2023 er 4. juni Volbu og Rogne. 11. juni Lidar og
Hegge. Velkomne til møte i Rogne kyrkje.

4. september Volbu kyrkje kl. 10.00 Gudsteneste. Pilegrimsvandring frå Volbu,
langs Vindeåne til Hegge kyrkje med Gudsteneste kl. 17.00. Turen er for
konfirmantar, føresette, fadrar og andre som vil vere med.